

ÅRSMELDING 2017

FOR

BYKLE OG FJELLGARDANE KYRKJELYD



ÅRSMØTE SUNDAG 11. MARS 2018 KL. 11.00

(etter gudstenesta kl 10.00 i Bykle kyrkje)

Årsmøtet er ein stad der du kan ta opp det du er oppteken av i kyrkjelyden.
Det er eit informasjons- og diskusjonsmøte, det er ikkje godkjenning av saker / val.

Alle hjarteleg velkomne

Bykle sokneråd – Årsmelding 2017

Innhald:

1. Organisering av kyrkja s. 2
2. Tilsette og personalansvar s. 3
3. Kyrkjelydsarbeid s. 5
4. Kyrkjer s. 12
5. Kyrkjegardar s. 12
6. Økonomi s. 12
7. Planar for 2018 og framover s. 13
8. Takk s. 14



Årsmeldingar frå:

- Organist Henrik West
- Prostidiakonen i Otredal
- Ungdomsleiar Martin Wikstøl
- Fjellgardane sundagsskule
- Bykle KFUK-KFUM
- Bykle barnekor

Anna:

- Visitasføredraget
- Plakat for Luther-turen for Bykle, Valle og Hylestad sokn mfl.
- Referat frå Luther-turen
- Plakat for arrangement til Luther-jubileet

1. Organisering av kyrkja

Bykle sokn er eiga juridisk eining med soknerådet som øvste organ. 31.desember 2016 var det registrert 685 medlemmar i Bykle sokn, i følgje medlemsregisteret til Den norske kirke. 72 % av folketalet i kommunen var medlem av Den norske kirke og 7,8 % var medlem i andre trus- og livssynssamfunn per 2016 (SSB).

Soknerådet bestod i 2017 av seks valde medlem og soknepresten. I tillegg møtte 1.vara fast. Kommunen sin representant er til stades for å vere bindeledd mellom soknerådet og kommunen, og har røysterett når soknerådet handsamar saker av fellesråds karakter (økonomi, bygningar, kyrkjegard, personale). Kyrkjevevja er sakshandsamar og sekretær for soknerådet, med tale- og forslagsrett. Kyrkjevevja har det administrative ansvaret for den daglege drifta, og utfører arbeidet saman med andre kyrkjeleg tilsette og friviljuge.

Medlemer i soknerådet 14.09.2015 - 2019

Else Gyro Rysstad (leiar frå 1.11.15)

Signe Lillemo Mundal (nestleiar frå 1.11.15)

Bernt Einar Berntsen

Kjell Hagestad

Berit Follerås

Brigitte Haugen

Sokneprest; Terje Seilskjær (til 10.4.17) og

Tom Martin Berntsen (frå 27.8.17)

Knut Inge Repstad (varamedlem)
Ryszard Gosciniak (varamedlem)
Kari Hovden Hoslemo (kommunestyrerepresentant, AP)
Thoralf Hildebrandt (kommunestyrerepresentant, KrF)

Reidun Taksdal Bjørnara vart vald inn som fyrste varamedlem i soknerådet i september 2015. Ho vart etter søknad fritteken frå vervet frå 10.11.2016. Andre varamedlemer rykka då opp.

Handsama saker i sokneråd:

År	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006	2005	2004	2003	2002
Handsama saker	28	33	38	33	26	37	61	51	45	34	43	54	47	46	48	43

Utval og nemnder:

- **Arbeidsutval:** Soknepresten, kyrkjevevja, leiar og nestleiar av soknerådet. AU førebur soknerådsmøta og avgjer mindre saker. AU har oftast møte i forkant av soknerådsmøta.
- **Soknerådsarbeid**
 - Trusopplæringutval: Rønnaug Torvik, Ragnhild Hoslemo, Brigitte Haugen og Else Gyro Rysstad. Kyrkjevevja har vore sekretær. Sokneprest møter ved førespurnad.
 - Diakoniutval: Elin Dypedal, Aud Skagestad, Signe Lillemo Mundal og Bernt Berntsen.
 - Misjonsutval: Kjell Hagestad, Ole Morten Egeland og Laila Rysstad
 - Bibelkontakt: Else Gyro Rysstad og Knut Rysstad
 - Kirkens Nødhjelp-kontakt: Signe Lillemo Mundal
 - Representant i styre Bykle og Fjellgardane barnekor: Else Gyro Rysstad
- **Fellesrådsarbeid**
 - Utval for monument minnelund Bykle kyrkjegard
To medlemer oppnemnd av soknerådet: Ingrid L. Berntsen og Magnhild Bjørnara.
Kyrkjevevja deltek i arbeidet.

2. Tilsette og personalansvar

Soknerådet hadde i 2017 direkte arbeidsgjevaransvar for 1,16 årsverk fordelt på 3 tilsette:

Kyrkjevevje: Tor Hallvard Mosdøl, 60 % og kyrkjelydsarbeidar 40 %. Frå og med 16.aug har han vore sjukemeld. Karin Bøe vart tilsett som vikar frå og med 16.okt. Sissa Ringstad har fungert som kyrkjevevje i Bykle og Valle og Karin har avlasta ho, på timebasis (ca 50%). Det har difor berre vore gjort naudsynt arbeid siste halvåret.

Klokkar/kyrkjetenar: for Fjellgardane og Bykle, Knut Rysstad, 12 % stilling. Stillinga innebærer ansvar for gudstenester i Bykle. I tillegg konsertar, kyrkjelege handlingar og andre arrangement i alle tre kyrkjer. Frå og med 21.okt har han vore sjukemeld og Ryszard Gosciniak har vore vikar på timebasis.

Klokkar/kyrkjetenar: for Fjellgardane, Ryszard Gosciniak, 4 % stilling. Han har frå 01.07.16 vore tilsett i 12 mnd midlertidig stilling for forordna gudstenester i Fjellgardane. Bakgrunn for midlertidig stilling er stabsprosess og ei vurdering av framtidig organisering. Stillinga er forlenga.

Soknerådet hadde i 2017 samarbeidsstillingar tilsvarande 0,8 årsverk fordelt på 3 tilsette:

Samarbeidsstillingar Bykle sokn - Valle og Hylestad sokn

Organist/kantor: Henrik West vart frå hausten 2015 tilsett 100 % hjå Valle og Hylestad sokn, medan Bykle sokn kjøper 40 % av arbeidskapasiteten, som refusjon.

Ungdomsleiar: Martin Wikstøl vart i september 2015 tilsett 40 % som ungdomsleiar (toårig prosjektstilling) for Bykle sokn og Valle og Hylestad sokn (20 % i kvart sokn). Stillinga vart forlenga med eit år sommaren 2017. Arbeidsgjevaransvaret ligg til Valle og Hylestad, medan Bykle betalar refusjon. Stillinga er delfinansiert av statleg løyving til trusopplæring.

Samarbeidsstilling i prostiet – prostidiakon i Otredal

Anna Heggland har vore prostidiakon sidan 1. august 2014. Stillinga vart etablert våren 2002, fyrst med 50 %, seinare utvida til 70%. Styret for diakonisamarbeidet vedtok 10.mars 2016 å arbeide for ein auka stillingsressurs. Bykle sokneråd ønsker å støtte ei auka satsing. Under bispevisitasen i februar 2017 lova Bykle kommune 50.000 kr til å auke prostidiakonstillinga. Men på kommunestyremøtet i november 2017 trakk dei lovnaden tilbake. Stillinga er finansiert av sokneråda i Otredal prosti (ti sokn til saman i kommunane Vennesla, Iveland, Evje og Hornnes, Bygland, Valle og Bykle) og statlege midlar. Bykle sokn sin del utgjør 10,5 prosent.

Sokneprest, tilsett av kyrkjerådet

Terje Seilskjær var sokneprest i 100 % stilling i Bykle, Valle og Hylestad (sidan mars 2011) til juni 2017.

Tom Martin Berntsen vart tilsett som ny sokneprest i Bykle, Valle og Hylestad frå august 2017 i 75 % stilling. Han er fortsatt 25 % prest i Landvik. Frå 2017 er Kyrkjerådet arbeidsgjevar for alle prestar, og ikkje staten som det har vore inntil 2016.



Våren 2017 hadde Martin Wikstøl konfirmantundervisninga og Terje Seilskjær var noko med. Hausten 2017 samarbeidde Martin Wikstøl og Tom Martin Berntsen om konfirmantane.

Generelt

Tilsette har stabsmøte om lag ein gong i månaden. Stabsmøta er felles for Bykle og Valle og Hylestad sokn, og samarbeidet er godt. I 2015 vart det rekruttert kantor/organist og ungdomsarbeidar, som har vore svært positive tilskot i staben. Stabsmøta har vorte endra sidan både Tor Hallvard og Knut har vore sjukemelde hausten 2017 og vikar Karin har halde til på kyrkjekontoret i Valle. Då har stabsmøta vore tysdagar kl 9 tilnærma kvar veke eller når det har vore bruka for det, på kyrkjekontoret i Valle.

Stabs- og strukturprosessen som pågår har som ein av intensjonane å tilretteleggje for samarbeid og ansvarsdeling i stab.

Staben er liten og sårbar ved vakanse. Fleire sjukemeldingar i kyrkjestab dei siste åra og i haust, bør føre til eit auka fokus i sokneråd/fellesråd - som arbeidsgjevar for kyrkjestab.

3. Kyrkjelydsarbeid

Kvart år fyllast det ut kyrkjeleg årsstatistikk, som er med å danne grunnlag for nasjonale statistikkar. Dei kyrkjelege handlingane som dåp, konfirmasjon, vigslar og gravferder ligg på eit stabilt nivå ut frå folkesamansettinga i Bykle.

Kyrkjelege handlingar:

År	Dåp	Konfirmasjon	Vigsel	Gravferd
2014	6	16	1	11
2015	5	9	3	6
2016	5	10	5	4
2017	8	7	6	3

Gudstenester:

Alt i alt blei det halde 38 gudstenester i Bykle sokn i 2017.

Besøktal frå gudstenester ved påske og jul i Bykle:

Gudsteneste	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Skjærtorsdag	67	90	120	166	83	75	66	80	85	50	85	90
1.Påskedag	120	90	100	150	145	100	115	92	125	80	190*	178*
Julaftan	130	200	210	290	250	240	580*	472*	510*	565*	540*	550*

Gudsteneste	2015	2016	2017 B/F									
Skjærtorsdag	86*	126*	60/75 = 135									
1.Påskedag	209*	172*	91/77 = 168									
Julaftan	658*	578*	355/444 = 799									

(Tal merka med stjerne gjeld både Bykle og Fjellgardane)

Besøktal alle gudstenester 2017 i Bykle sokn og Valle og Hylestad sokn

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Valle og Hylestad sokn	2615	2247	2594	2189	2564	2517	2261	1966
Bykle sokn	2484	2198	2874	2662	2904	2378	2916	2788
Totalt	5099	4445	5468	4851	5468	4895	5177	4754

Faste gudstenester og kyrkjelege arrangement er gjennomført i Bykle i 2017:

- Familiegudstenester, Tårnagentar og Lys Vaken
- Skulegudstenester
- Konfirmasjonsgudstenester og samtalegudsteneste med konfirmantane
- Helgemesse med minning av dei døde
- Ljosmesse/jolekonsert i adventstida, med deltaking av konfirmantane
- Høgtidsgudstenester (jol og påske)
- Gudsteneste på nasjonaldagen
- Friluftsgudsteneste
- Dokketeateret Kirkerottene, med utdeling av bøker til 4- og 6-åringar



Soknerådet og andre frivillige er kyrkjevertar og sørgjer for kyrkjekaffi etter dei fleste gudstenestene.

Møte og samlingar:

Ut over gudstenestene organiserer soknerådet noko opplæringsarbeid og møteverksemd mynta på vaksne. Organisasjonane, særskilt Normisjon og Norsk Luthersk Misjonssamband (NLM), har seks til åtte møtehelger/veker i året til saman. Normisjon har møta i Bykle kyrkje og NLM både i bedehus og kyrkje. Det er også ein pinsekyrkjelyd i Bykle som har ein del møte.

Soknerådet arrangerer juletreffstar både i Bykle og Fjellgardane. I Bykle er festen på samfunnshuset, og på Hovden er den på grendehuset. Soknerådsmedlemer steller i stand. Både juletreffstane vart vellykka i 2017.

I Bykle er det to bibel/samtalegrupper i sving med regelmessige samlingar. Kyrkjelyden sitt årsmøte for 2016 var i Bykle kyrkje etter gudstenesta søndag 26. mars.

Konsertar, musikkandaktar, musikk gudstenester med meir:

Organist/kantor Henrik West er kyrkjemusikalsk ansvarleg. Organisten har ansvar for planleggjing og gjennomføring av det musikalske innhaldet i gudstenester, vigslar, gravferder, konsertar og andre kyrkjelege arrangement i regi av soknerådet. Organisten har og vore med soknepresten som pianist på Bykle aldersheim. Vidare bidreg organisten ved ulike arrangement i samband med trusopplæring. Organisten samarbeider godt med lokalt musikk- og kulturliv og trekkjer inn ressurspersonar til musikk/song i gudstenester og konsertverksemd. Elles visast det til organisten si vedlagte årsmelding.



Julekonsert i Bykle kyrkje med Sigrid K. Jore, Raabygg og Kristiansand Frikirkes Kammerkor

I **2017** vart det arrangert 1 konsert i mars, 4 konsertar i påska, 4 sommarkonsertar, 3 julekonsertar, tilsaman 12 konsertar i Bykle og Fjellgardane. I tillegg var det 2 musikkandakter på sundagar om sommaren.

Sjå vedlagt årsmelding frå Henrik West.

Born/unge:

Jamlege aktivitetar, der soknerådet bidreg i varierende grad:

- *Bykle KFUK-KFUM-speidarar*. I 2017 var dei med på kretsting i Bykle kyrkje, NM-kvalifisering i Lillesand, kretsbannerkonkurranse i Lindesnes, påskevandring og kanotur på Hovden. Dei er 9 speidarar + assistentar og leiarar (13 medlemar).
- *Bykle og Fjellgardane barnekor*. Koret syng på gudstenester og andre arrangement. Soknerådet utnemner 1-2 representantar i styret for Bykle barnekor. I 2017 var det ca 20 medlemmer, likt fordelt mellom Bykle og Hovden. Dei opptredde 8 gonger i løpet av året. Bjørg Sissel Tveiten er dirigent.
- *Fjellgardane sundagsskule og Bykle sundagsskule*. Sundagsskulen i Bykle har ikkje vore i funksjon sidan hausten 2009. Fjellgardane sundagsskule er i drift. I 2017 var det 14 medlem i alderen 4-12 år og dei hadde 12 samlingar.



Bykle og Fjellgardane barnekor

Soknerådet sitt arbeid, som blir følgt opp av kyrkjestab og friviljuge:

Det er stort fokus på trusopplæring i Den norske kyrkja. I 2015 og 2016 har det i samarbeid med Valle/Hylestad blitt arbeidd med revisjon av trusopplæringsplanen for soknet, og planen vart godkjent av biskopen rett før jol 2016. Oppfylgjing av gamal/ny plan er ei utfordring ifht ressursar.

Tiltak som vart gjennomført i 2017:

- Tårnagentdag for 3. og 4. klassingane 8.okt i Valle kyrkje
- 4-årsbok til 4-åringar og 6-årsbok til 6-åringar saman med dokketeateret Kirkerottene 11.nov i Fjellgardane kyrkje
- Lys Vaken for 6. og 7. klassingane 19.nov i Bykle kyrkje
- Sendt ut CD til 1-åringane

Både Tårnagentar og Lys Vaken vil bli arrangert annakvart år med to årstrinn. Det er for å få fleire med på arrangementa av gongen.



Lys Vaken i Bykle kyrkje

Ungdomsleiar Martin Wikstøl har sett i gong skulelag der ca 15 ungdomar møter i snitt, og PizzaHalleluja i kyrkjekjellaren i Bykle der ca 10 stk i snitt kjem per gong. Byklekonferansen samlar ca 120 stk og Fjols til fjells ca 80 stk. Sjå også vedlagt årsmelding og status frå Martin Wikstøl.

Konfirmantarbeidet

er eit satsingsområde for soknet. Soknepresten står for planleggjing og det meste av gjennomføring. Våren 2017 hadde ungdomsleiar undervisninga. Hausten 2017 har sokneprest og ungdomsleiar delt på undervisninga. Også i år var konfirmantane med på **KonfACTION**, som er ein konfirmantleir (i regi av KRIK) med rundt 1000 deltakarar i Bø i Telemark. Leiren er obligatorisk og ein del av konfirmanttida. Soknerådet har også i 2017 dekt deltakaravgifta for konfirmantane. Foreldra er med i den praktiske gjennomføringa av leiren. Konfirmanttida inneheld 10 samlingar spreidd ut over skuleåret. Våren 2017 var det 7 som vart konfirmert.



Soknerådet dekkjer leiravgifter for born og ungdom som bur i Bykle. Formålet er at dei skal få trusstyrkjande opplevingar og kunnskap i større samanhengar. Tilbodet kan med fordel synleggjerast på heimeside og i Byklaren.

Diakoni:

Prostidiakonen gjer eit viktig arbeid i møte med menneske i ulike livssituasjonar. Årsrapport frå diakonen er vedlagt. Det har vore ein sjømannskyrkjekveld i Fjellgardane kyrkje. Det var diakonigudsteneste 7.mai i Fjellgardane kyrkje. Diakonen har hatt 14 besøk og samtaler i Bykle sokn, totalt 156 i prostiet. Ho er saman med frivillige involvert i Middagsfelleskap i Bykle kyrkje, som er eit ope middagsfelleskap for alle, og ei ope Lev Vel-gruppe med 8 samlingar (gåtur og prat).



Middagsfelleskap i kyrkjekeddaren i Bykle, med dansk julefrukost.

Det er oppretta diakoniutval i Bykle sokn. Utvalet driv oppfølgingsteneste etter dødsfall og arrangerte pensjonistsamling med middag i januar.

I 2017 har diakonen, soknepresten og/eller organisten jamleg hatt andakt eller gudsteneste på Bykle alders- og sjukeheim.

Informasjonsarbeid:

Kyrkjelydsbladet "Vegleiarer" har ikkje blitt gjeve ut i 2016 eller 2017. Det krev ressursar å lage bladet. Soknerådsleiarar i Valle og Bykle har tidlegare etterlyst frivillig engasjement (m.a. i Setesdølen) for å kunne halde fram med å gjeve ut bladet, men ein har ikkje lukkast med det.

Setesdølen skriv gjerne om det som skjer i kyrkjelyden. Kyrkjelyden vert også informert gjennom Byklaren, turistinformasjonen (Destinasjon Hovden), kommunen si heimeside, kyrkja si heimeside og kunngjeringar under gudstenester. www.bykle.kyrkja.no Facebook har blitt ein viktig kommunikasjonskanal. Kyrkja i Bykle og Valle har laga felles side, som har over 490 fylgjarar. Det bør lagast ein plan for publisering i ulike kanalar, og avsetjast ressursar til dette, jamfør stabsprosess.

Misjonsprosjekt:

I 2013 inngjekk soknerådet samarbeidsavtale med Stefanusalliansen om å støtte deira arbeid i Egypt. Det er hovudsakleg ofringar frå gudstenester som har gått til dette. Maggie Gobran står bak eit stort arbeid blant koptarar på «søppelfjellet» i Kairo. Det handlar om å gje born og unge hjelp og støtte til utdanning, eit sosialt nettverk og ballast til å klare seg i framtida.

Barnehagar og heimebesøk til fattige familiar står sentralt i arbeidet – som leiast av «Mamma» Maggie Gobran. Med seg har ho ein talrik flokk av oppofrande medarbeidarar. I 2014 gikk Valle og Hylestad sokneråd også inn i same prosjekt.



Pilegrimsvandring:

Sokneprest Terje Seilskjær deltok på vandringane frå Hovden til Røldal sommaren 2013. Bykle sokneråd og Agder og Telemark bispedøme arrangerte vandringa i 2012, som ei ekstraordinær løysing, for at vandringa ikkje skulle opphøre. Det same skjedde i 2013. Terje Seilskjær (planleggjing og gjennomføring), soknerådsleiar Else Gyro Rysstad (planleggjing) og Tor Hallvard Mosdøl (rekneskap) var med på dette. Vandringa vart avlyst i 2014 pga sjukdom/lite påmelding og i 2015 pga mykje snø i fjellet. I 2016 vart vandringa arrangert att, i samarbeid med sokneprest og bispedømet. På langvandring deltok 15-16 stk og 27 stk på dagsvandring.

I 2017 vart det dagstur frå Haukelifjell til Røldal 8.juli. Rolf Martin Synnes var pilegrimsprest og Bjørnar Mørenskog var turleiar for dei om lag 20 personane som deltok.

Bispevisitas i Bykle og Valle

I februar kom biskop Stein Reinertsen på besøk til Valle og Hylestad sokn og Bykle sokn. Han og Arve Nilsen frå bispekontoret møtte staben og sokneråda, besøkte barnehagen i Hylestad, vidaregåande i Valle og ungdomsskulen i Bykle, dei fekk også møte kommunane, turistnæringa på Hovden og besøkte fleire av kyrkjene våre. Onsdag var det internasjonal kafè og deretter kulturkveld i Storstoga i Valle med mange kulturelle innslag, m.a. vart biskopen intervjuet av Bjarne Tveiten. Søndag var det visitasgudsteneste i Bykle kyrkje og biskopen las opp visitasmeldinga (sjå vedlegg).



500 års jubileum for Martin Luther og reformasjonen

I 2017 var det 500 år sia reformasjonen. Utvalet for jubileet skipa til ei rekkje arrangement i samband med jubileet.

- 22. mars – Tore Thomassen «Martin L og Tore T» Fortellingar, salmar og songar.

- 24 april – Framsyning av Luther filmen
- 20. – 26. mai reise for kyrkjelydane «I Luthers fotspor»
- 13. september – Foredrag «Det lutherske i det nasjonale» med Anders Aschim professor i religion, livssyn og etikk ved Høgskulen i Hedmark.
- 10. oktober - Foredrag «Luther og politikk» Kjetil Glimsdal ordførar i Grimstad. I samarbeid med Valle kommune.
- 31. oktober – 500 års jubileumsgudsteneste på reformasjonsdagen. Med bønder og barn, konfirmantar og kulturarbeidarar, songarar og spelemenn, ordførarar og bladfolk i regi av spr. Tom Martin Berntsen. Etter gudstenesta var det «festkyrkjekaffi». Foreldra til konfirmantane stod for kaker pluss ei stor marsipanekake med «Luther-rose» som Gro Oddny Helle hadde baka.

I mai var det Luther-tur til Tyskland for å besøke stader der Martin Luther vart fødd, hadde sitt virke og slo opp dei 95 tesene. Det var ca 40 deltakarar frå heile Setesdal med på bussturen. Henrik West hadde gjort ein imponerande jobb med planlegging og som reiseguide. Alle var einige om at det var ein flott tur.



Turdeltakarane samla framom kyrkjedøra i Wittenberg der Martin Luther slo opp dei 95 tesene mot paven.

60 års jubileum for Fjellgardane kyrkje

Vart feira med jubileumskonsert i kyrkja 31.mars med Annbjørg Lien og Sondre Bratland. Sondag 10.sept var det jubileumsgudsteneste med barnekoret, korpset, songlaget og konfirmantane, samt prolog og helsingar. Etterpå var det grilling, jubileumskaker og kaffe.

4. Kyrkjer

Kyrkjebygga er i god stand. Tenesteytingsavtalen med Bykle kommune regulerer drift og vedlikehald av bygningane.

Ein må likevel kunne seie at det er behov for eit større og betre kjøkken og noko større kyrkjerom i Fjellgardane kyrkje. Bykle sokneråd søkte Bykle kommune om midlar til planlegging av utbygging av Fjellgardane kyrkje i budsjettet for 2016, men søknaden vart avslegen.

I 2013 vart det installert internett med trådløs sone i Bykle kyrkje, og det same kom på plass i Fjellgardane kyrkje i 2016.

Det vart i 2016 sett opp port på oversida av Bykle kyrkje, ved hovudinngongen. Bykle kyrkje vart også måla utvendig dette året. Nye og kostnadsbesparande flomljøs vart sett opp ved Bykle gamle kyrkje i 2016.



Sløkkeanlegg (vasståkeanlegg) i Bykle gamle kyrkje har blitt ombygd i 2016, og vart sett i drift i 2017.

I 2017 vart takrennene på Bykle kyrkje bytta ut og det vart lagt varmekablar foran hovudinngongen til kyrkja.

Det har fleire år blitt vurdert å installere varmestyring i kyrkjene, i eit fellesprosjekt med Valle/Hylestad. Grunnen til at dette ikkje er gjennomført, er at den felles løysinga KA tok initiativ til, har hatt store oppstartsproblem. Ein må vite at ein gjer rette valg, når ein gjer slike investeringar.

Bykle gamle kyrkje er ope delar av sommaren for turistar. Setesdalsmuseet IKS har gjennom Bykle kommune ansvar for omvising. Kyrkja var i 2017 open i juli samt og noko i juni og august. Setesdalsmuseet tek også på seg omvising på førespurnad.

I 2013 vart det etablert ein digital guide med video og tekst, som kan brukast via mobiltelefon ved Bykle gamle kyrkje (samarbeidsprosjekt Bykle sokn, Setesdal regionråd og Setesdal IKT). Sidan kyrkja har avgrensa opningstider er guiden ein annan måte å guide turistar på, til alle tider av døgnet. Guiden finn du og på internett: www.laguide.no/Bykle

5. Kyrkjegardar

Bykle kommune har, gjennom tenesteytingsavtalen, ansvar for vedlikehald av kyrkjegardane. Det er god kapasitet på kyrkjegardane i soknet.

6. Økonomi

Etter kyrkjelova §15 får kyrkja det meste av midla sine frå kommunen. Noko kjem frå egne inntektskjelder. Rekneskap for 2017 er avlagt, men enno ikkje revidert. Bykle sokneråd har eit

årleg driftsbudsjett på om lag 1,96 millionar kroner. I tillegg kjem midlar til eingongsinvesteringar. Løyvinga frå Bykle kommune har dei siste åra omtrent stått stille. I realiteten utgjer det ein nedgang, grunna prisstigning og lønnsauke.

Ca 1,35 millionar går til løn, godtgjersler og honorar med tilhøyrande utgifter. Av det resterande går om lag ein halvpart til drift av kyrkjene, som straum, forsikring og vedlikehald, og ein til kyrkjelydsrelaterte aktivitetar som trusopplæring (mellom anna KonFACTION), gudstenester, konsertar med meir.

Frå 2014 har Bykle sokn, og Valle og Hylestad sokn årleg motteke statlege trusopplæringsmidlar. Midlane disponerast til felles ungdomsarbeidar i prosjektstilling.

Sommarkonsertane i Bykle og Valle i 2017 vart sponsa med 52.000 kr av Valle Sparebank, Bykle kommune, Valle Folkeakademi, Destinasjon Hovden, Hovden Alpinsenter, Sparebanken Sør og Setesdal Bilruter.

Soknerådet har også noko inntekter på offer og kollekt i kyrkjene.

Ofringar (tal i heile tusen)	Totalt beløp ofringar (ordinære i kyrkjene)	Andel av ofring til eige arbeid	Andel av ofring til Misjonsprosjekt Stefanusalliansen	Fasteaksjon (Kirkens Nødhjelp)
2010	90.000		15.000	20.000
2011	66.000		6.000	24.000
2012	74.000	7.000	-	20.000
2013	79.000	9.000	-	21.000
2014	70.629	9.702	-	-
2015	64.595	26.426	25.385	10.432
2016	67.000	7.500	21.000	14.638
2017	108.000	13.943	39.557	14.460

7. Planar for 2018 og framover

Kyrkjelydsarbeid

- Arbeide for å rekruttere fleire friviljuge til leiararbeid i speidar, sundagsskule og trusopplæring generelt.
- Arbeide med å tilsette ny ungdomsarbeidar som kan overta når Martin Wikstøl sluttar til sommaren.
- Vurdere strategiprosess for korleis kyrkja skal auke oppslutning om gudstenester og arrangement

Arbeid med kyrkjebygg og kyrkjegardar

- Ferdigstille arbeid med eigedomsforholda i samarbeid med Bykle kommune
- Prosjektere installasjon av varmestyring i kyrkjene
- Legge alle graver på kyrkjegard ved Bykle kyrkje inn i Ecclesia gravadministrasjonsprogram
- Utarbeide framlegg til felles monument Bykle kyrkjegard
- Vurdere løysing for høgare gjerde rundt Bykle gamle kyrkje
- Vurdere kva som skal skje med Fjellgardane kyrkje

Kyrkjestab

- Arbeide vidare med struktur- og strategiprosess
Sokneråda i Valle og Bykle løyvde til saman kr. 100.000.- til prosessen. Tidlegare kyrkjevevjerje i Vinje og tilsett i KA, Oscar Johan Garnes var prosessvegleiar. Mandatet frå sokneråda: «Bygge kyrkjelydane ved å styrke og vidareutvikle samarbeidet mellom Bykle sokn og Valle og Hylestad sokn.»
 - Tydeleggjere tilsette sitt ansvar og oppgåver
 - Tydeleggjere sokneråd sitt ansvar
 - Skriftleg dokumentasjon av arbeidsoppgåver og rutinar
 - Tydeleggjere satsingsområde
 - Vurdere møtepunkt og samhandling med kommune
 - Styrke kyrkja sitt omdøme i lokalsamfunna
 - Vurdere andre moglege samarbeidsområde/-former mellom sokna, herunder samarbeid som kan inkludere fleire sokn/fellesråd

Generelt

- Ytterlegare utnytting av IKT-satsing i Bykle sokn (og Otredal prosti)
- Halde fokus på økonomi, effektivisering og ressursutnytting i Bykle sokn

8. Takk

Det er mange som bør takkast for god innsats i kyrkjelyden i 2017. Bykle sokn er ein liten kyrkjelyd med tilsvarande liten stab. Mange har gjort ein god jobb for sundagsskule, barnekor, speidar, kyrkjekaffe, som kyrkjevertar og anna.

Takk til medlemene i soknerådet for jobben dei har gjort i møte, ulike utval og andre oppgåver. Takk også for engasjement og innsats frå dei tilsette. Takk til Sissa Ringstad for god hjelp i samband med sjukemeldinga til kyrkjevevjerja.

For Bykle sokn

Else Gyro Rysstad, soknerådsleiar

Karin Bøe, vikar for kyrkjevevjerje

Vedlegg:

1. Årsmelding organist Henrik West
2. Årsmelding Prostidiakonen i Otredal
3. Årsmelding ungdomsleiar Martin Wikstøl
4. Årsmelding Fjellgardane sundagsskule
5. Årsmelding Bykle KFUK-KFUM
6. Årsmelding Bykle barnekor
7. Visitasføretraget
8. Plakat for Luther-turen
9. Referat frå Luther-turen
10. Plakat for arrangement til Luther-jubileet

Kirkemusikk i Bykle sokn 2017

Året 2017 ble sterkt preget av reformasjonsjubileet – også når det gjelder kirkemusikken. Jubileet var en god anledning til å skape oppmerksomhet omkring reformasjonens betydning for musikkens plass og funksjon i kirka. Derfor ble det i årets løp en del ekstra arrangement som satte fokus på arven fra reformasjonen.

Men før vi begynte på reformasjonsfeiringen, var det bispevisitas i Valle og Bykle i februar. Som en del av visitasen ble det arrangert en Kulturkveld i Storstoga i Valle d. 8. feb. med en lang rekke musikalske innslag fra lokale folkemusikere m.fl. som satte fokus på det rike kulturliv her i dalen. Også på visitasgudstjenesten den følgende søndag var det ekstra sang og musikk, bl.a. med noen innslag fra musikalen om Noa som Familiekoret hadde fremført i høsten 2016.

Som en del av reformasjonsfeiringen ble det arrangert en soknereise til Tyskland «I Luthers fotspor» d. 20.-26. mai der undertegnede var reiseleder. Som både organist og teolog var det naturlig for meg å vise til koblingene mellom musikk og teologi på denne turen, og dette ble i særlig grad understreket med et besøk på Bach-museet i Eisenach.

Etter et vellykket forsøk med fem sommerkonserter i 2016 ble det besluttet å jobbe videre med dette initiativ i 2017. Konsertserien ble utvidet til sju konserter med et samlet budsjett på ca. 80.000 kr. Utgiftene ble dekket av bidrag fra Bykle og Valle sokn (20.000 kr.), sponsorene (52.000 kr.) og kollekt (10.000 kr.). Det var fri entré på konsertene, og det kom i gjennomsnitt over 50 publikummer på konsertene. Både publikum og artister var godt fornøyd. Se særskilt årsmelding for dette tiltak!

Ellers har de vanlige aktivitetene fortsatt omtrent som de foregående år:

Jeg har besøkt Bykleheimen cirka annenhver uke, dels for å spille på andakter, dels for å bidra med sang og musikk på dagsenteret. Det oppleves fortsatt veldig meningsfullt å bidra med noe som skaper liv og glede i livet til de eldre på heimen og i bygda, og jeg får mye god respons for dette initiativ.

Oversikt over konserter og andre musikalske arrangement, arrangert av Bykle sokn i 2017:

8. feb. Kulturkveld m. Hallvard T. Bjørgum, Gunnar Stubseid, Sigurd Brøkke, Kirsten Bråten Berg, Sigrid K. Jore, Øystein Kikut m.fl. (Storstoga i Valle kl. 18.00)

I forbindelse med bispevisitasen ble det arrangert en Kulturkveld for hele bygda for å vise frem noe av den kulturelle mangfoldigheten i dalen og for å samle inn penger til Kirkens Nødhjelp.

Gratis inngang. Kollekt til Kirkens Nødhjelp.

22. mars Sangkveld med Tore Thomassen (Spelestoga i Valle kl. 19.30)

Forfatter og musiker Tore Thomassen fortalte om reformatoren Martin Luthers liv og salmer. Gratis inngang.

31. mars Konsert med Sondre Brattland og Annbjørg Lien (Fjellgardane kyrkje kl. 19.30)

Konserten ble arrangert i forbindelse med at Fjellgardane kyrkje fylte 60 år.

Inngangspenger: 200 kr. (u/16 år gratis).

9. april (palmesøndag): Konsert med Wenche Hunsbedt Svindland, Sverre Eftestøl og Olav Mosdøl (Bykle kyrkje kl. 19.30)

Tradisjonen med konsert på palmesøndag i Bykle ble videreført.

Inngangspenger: 200 kr.

14. april (langfredag): Langfredag i ord, tonar og bilete (Bykle kyrkje kl. 19.30)

Musikkandakt med lesing av lidingshistoria, musikk, allsong og bilete. Medvirkende bl.a. organist Henrik West og Kjell Åge Stoveland fra Kristiansand Symfoniorkester på bratsj.

Gratis inngang.

15. april (påskelørdag): To konserter med «Tidløs» (Fjellgardane kyrkje kl. 18.00 + 21.00)

Grappa «Tidløs» med Martin Wikstøl som forsanger hadde to konserter i påska der de spilte kjente salmer og åndelige sanger i moderne fortolkninger.

Inngangspenger: 150 kr.

fredag 1. desember: Julekonsert med Sigrid K. Jore, Raabygg og Kristiansand Frikirkes Kammerkor (Bykle kyrkje kl. 19.30)

Inngangspenger: 200 kr. (studenter 100 kr., barn gratis)

lørdag 9. desember: En Tidløs jul (Bykle kyrkje kl. 19.00)

Julekonsert med gruppe Tidløs med forsanger Martin Wikstøl.

Inngangspenger: 200 kr. (barn 100 kr., u/ 6 år gratis)

søndag 10. desember: Ljosmesse og konsert med Kulturskulen (Bykle kyrkje kl. 17.00)

Tradisjonen med kombinert Ljosmesse med konfirmantene og julekonsert med Kulturskulen i Bykle ble videreført også i år.

Gratis inngang.

fredag 30. desember: Julekonsert med Inger Lise Stulien (Fjellgardane kyrkje kl. 19.00)

Femte år på rad holdt Inger Lise Stulien julekonsert i romjula på Hovden.

Inngangspenger: 200 kr. (u/12 gratis)

6. feb. 2018

Henrik West

organist i Valle og Bykle



Årsrapport fra prosti diakonen i Otredal 2017

Innledning : *Det er 500 år siden Martin Luthers slo opp sine teser i Wittenberg den 31 oktober og jubileet har blitt feiret i hele landet vårt. Og hovedtema for reformasjonsmarkeringen i Norge i 2017 er "Nåde". Det ble konkretisert ved tre undertemaer: "Frelsen er ikke til salgs", "Mennesker er ikke til salgs" og "Skaperverket er ikke til salgs". Vår kirkes flotte definisjon av diakoni berører det som har vært kirkens tema i Luther året og utgangs punkt for menighetens lokale diakoniplan: «Diakoni er kirkens omsorgstjeneste. Den er evangeliet i handling og uttrykkes gjennom nestekjærighet, inkluderende fellesskap, vern om skaperverket og kamp for rettferdighet».*

Menighetsarbeidet i sammen med frivillige og diakoniutvalgene. I år igjen, har det vært en stor glede å få samarbeide med diakoni utvalgene i menighetene. Det frivillige gjør, er en utrolig stor tjeneste, og jeg må bare si takk, for det er ingen som kan fylle den enkeltes plass. Alle er helt unike og uendelig verdifulle i menighetens arbeid.

Diakonienes søndag har vært holdt i den enkelte menighet. Og jeg er takknemlig for det gode samarbeide, som det er i alle menighetene. I Hægeland hadde vi pilgrims vandring fra Bringsvær til Hægeland kirke på diakoniens søndag. Bykle og Valle hadde i februar Bispevisitas. Det var fint å følge med Biskop Stein Reinertsen på visitas i begge kommunene.

Julegave treet, som var nytt i år ved Stallen under Jule markedet i Vennesla, var utrolig moro. Det var et fantastisk prosjekt, som Gunnar Knobel tok inaktiv til. I løpet av de dagene så fikk flere i Vennesla oppfylt sitt jule gave ønske. Det var 300 ønsker som kom inn og alle gave lappene(se bilde) ble gitt ut og alt igjennom et godt samarbeide med frivillige ,organisasjoner og kommunen.

Kriseteam: Jeg har i år har vært med på katastrofe øvelsen i Evje og Hornnes , Bygland og Valle kommune. Jeg er en del av kommunenes krise team og denne gangen var jeg en del av evakuerte og pårørende senteret(EPS) Det er viktig med øvelse, så en er bedre rustet og samkjørte når noe skjer.

Påfyll: Jeg var med på årlige samlingen for diakonene i Agder og Telemark Bispedømme, som var på Vegårshei. Det var inspirerende, med gode foredragsholdere og godt fellesskap Jeg er også sammen med diakonene i Kristiansand og har det siste året deltatt i Arbeids veiledning(ABV). Jeg hadde i år gleden å få være med på menighets turen, som Bykle og Valle menighet arrangerte« I Luthers fotspor» . Det var en fantastisk tur, og en god innføring i Luthers liv, som ble ledet av Henrik West organist i Valle/Bykle. I juni var jeg sammen med staben i Vennesla på tur til Danmark

Det har vært ulike temakvelder i menighetene. En av de som berørte meg var Valborg Nomeland, som i samarbeid med Per Emanuelse fortalt sin historie om hverdag med MS.

Flyktninger : _____ Det er blitt en stor endring for flyktningene i løpet av året som er gikk. Det er flere som har fått opphold ,men for andre flyktninger, er det en usikker fremtid og mottakene har blitt lagt ned. Og flere har flyktet fra landet.

I høst hadde vi en flerkulturell samling på Evje, i sammen med menighetene der. Vi håper på samling en gang i måneden til neste år. I Bykle har vi hatt middags felleskap med flyktningene Det gjøres et godt frivillig arbeide i alle menigheten i prostiet for våre nye landsmenn.

Evje Fengsel : _____ Har jeg hatt samlinger fast en gang i måneden. Det varierer med fremmøte fra 1 til en 7 stk. Det er fint å komme innom på fengselet. Vi samles til en nattverd gudstjeneste og avslutter med en samling på stua ,med kaffe og hjemmebakts og en god prat. Der er jeg alltid sammen med 1-2 faste frivillige.

Sykehjemmene: _____ Jeg har i løpet av året vært innom alle sykehjemmene, med andakt, besøk og samtaler. Jeg har også vært sammen med diakonitvalgene på sykehjemmet, med andakt. Det er utrolig fint å få komme rundt på de 7 forskjellige sykehjemmene som ligger i prostiet.

Avskjed og Velkomst, Det har vært store endringer i stabene i året som er gått.

Oppfølgings tjeneste etter dødsfall: I de fleste menigheten er det i dag et godt organisert oppfølgings tjeneste. Jeg har samling med de ett par ganger i året

Besøk og samtaler: Det viktigste i tjenesten som Diakon er å møte mennesker der de er i livet. Jeg hadde i 2017 totalt 156 besøk, samtaler. Vennesla: 30 Øvrebø: 12 Hægeland: 8 Iveland: 15 Evje og Hornnes: 32 Bygland:22 Valle og Hyllestad:23 Bykle: 14

Avslutning : Det har vært et spennende og godt år. Jeg er fylt av takknemlighet og glede for at jeg får være diakon i Otredal prosti, og stor takk til alle som jeg får møte og samarbeider med.

Så er det mi bønn at Gud må lede meg i tjenesten i Otredal prosti.

Røyknes 22.01.2018 Anna Heggland, prosti diakon mob:91382835 E-post:anna.he@online.no

Årsmelding for ungdomsarbeidaren 2017

Ungdomsarbeidet i Valle og Bykle har hatt et flott år med forholdsvis god oppslutning på ungdomsarrangementer og mye god relasjonsbygging mellom ungdomsarbeider/menighet og ungdommene.

Skolelagsmøtene er veldig godt besøkt. De arrangeres annenhver tirsdag i langfri på Bykle skule og den andre tirsdagen på Valle skule. I Bykle pleier det å være omkring 10-15 elever hvert møte og i Valle ligger antallet på 15-20 elever. Det har vært opp mot 30 stk på det meste både i Bykle og i Valle. På lagsmøtene får elevene litt snacks, vi leker gjerne en lek eller har en kahoot, før jeg deler Guds ord og ber med ungdommene. Det kan oppleves litt tungt å reise til skolene på tirsdagene, men jeg reiser som regel alltid fra skolelaget oppløftet og med et smil om munnen.

Konfirmantarbeidet i fjor vår hadde jeg ansvar for alene. Det var en god erfaring og gav mange flotte opplevelser sammen med konfirmantene. Jeg ble veldig godt kjent med ungdommene og opplevde at jeg fikk formidlet Guds hjerte til dem i undervisningen og ikke minst gjennom det gode fellesskapet vi hadde. Denne høsten har jeg hatt konfirmantundervisningen sammen med Tom Martin og det har vært veldig positivt. Tom er en klok mann jeg lærer masse av og det er fint å samarbeide med ham om konfirmantarbeidet. Han kommuniserer også bra med ungdommene. Også er det ekstra stas når Teddy er med.

I Bykle har jeg drevet ungdomskveldene vi har kalt PizzaHalleluja (navngitt av en av fjorårets konfirmanter). Dette er annenhver tirsdag kveld. Her har vi det veldig fint. Det er en fast kjerne med ungdommer som kommer. Vi er ikke så mange, men til gjengjeld er de som kommer veldig trofaste og vi har det så fint sammen. Her spiser vi pizza, spiller playstation, biljard og kjaser. I løpet av kvelden har jeg en andakt og vi ber sammen. Vi pleier å avslutte kveldene med litt bom femti oppi kirka. Dette er en fin anledning til å bli kjent med kirkerommet og kjenne på tilhørighet til sin kirke, tenker jeg.

I Valle har det vært vanskelig å få til noe på kveldstid. Jeg har hatt både krik-samlinger i hallen og ungdomskvelder på menighetshuset, men det ser ikke ut til å slå helt an. Jeg tror det delvis er fordi at ungdommene i Valle er engasjert i så mye i utgangspunktet. Den kommunale ungdomsklubben, kulturskolen, fotball (og scooter?? ☹️) er noen av aktivitetene vi "konkurrerer" med. Det har vært utrolig flott å få lov til å trene guttelaget til Valle IL i fjorårssesongen, sammen med Leif Røysland. Det er så bra med en raus kirkeverge i Valle som ser verdien i dette og lar meg få engasjere meg i idretten som en del av jobben. Jeg har fått bygge noen relasjoner med ungdommen her som jeg ikke ville fått ellers. I sommer var vi på Norway cup og det var kjempes fint!

I løpet av året har det også vært arrangert Byklekonferanse og Fjols til fjells (ungdomshelg i Bykle). Dette har vært åpne arrangementer for ungdommene våre og noen har vært med på dette.

Alt i alt har det vært et godt år. Det har til tider vært litt tungt å holde på, mye fordi at det er lang reisevei, arbeid på egenhånd og ei uke mellom hver arbeidsøkt. Men samtidig er det utrolig givende og meningsfullt å få drive på som ungdomsarbeider i Valle og Bykle!

Martin Wikstøl

ÅRSMELDING

for

FJELLGARDANE SUNDAGSSKULE

2017

Dette året hadde me 14 betalande medlemmer. Dei var i alderen 4-12 år. Me har også hatt innom 7 andre born på søndagsskulen og i tillegg har det kome andre når me har større arrangement. Medlemene vert registrert i focusnet for Søndagsskolen Norge.

Me har hatt 12 samlingar. Dei fleste er i kyrkja om søndagane frå kl.1030 til 1200. Søndag før påske var me ved Røyrvikåsen i det skileikeområdet på ski og hadde påskevandring, bål, pylser, natursti og premieutdeling. Dette var i samarbeid med speidarane, Bykle KFUK-KFUM speidarane so dei hadde ei økt med orientering. Her var me om lag 19 med smått og stort.

Me hadde ikkje sommaravslutning pga travel vår for store og små.

Hautsesongen starta me opp med å vere med og feira at Fjellgardane kyrkje var 60 år. Søndag 10.sept vart det full rulle frå kl. 16 med grillettermiddag, natursti, festgudsteneste med barnekoret, songlaget, konfirmantane, ny prest, dåp, prolog og helsingar. Her var det om lag 80 tilstades.

Første søndag i advent 3.des hadde me familiesamling kl.14-16. Tidspunktet var eit forsøk slik at dei som også er med i korpset også kan røkkje adventsfesten i Bykle. Då var det risgraut, saft, kaffe og pepperkaker. Me hadde samling kring joleevangeliet, pynta joletreet, åt graut og laga jolepynt. Helle Echer hadde funne på ideane. Koseleg samling i førjoltida. Me var 26 (14 ungar,12 vaksne).

Me er også med og arrangerer joletreffesten, i år var det fredagg 29.des/5.joledag. Me rigga til bord og stolar i foajeen kvelden før. Handla inn fredag og so var det fest mellom kl.1730 til ca.1930. I år kom det ca. 45 og me hadde nok nissegåver i år. Ryszard Gosciniak spela el-piano og Pola Anna Matysik song polsk jolesong for oss. Det var bygdefolk og hyttehovdarar som kosa seg med stolleik og twistleik. Thor Bernhard Sagland heldt andakt. I år var det også fantastisk flott song rundt joletreet. Tommy Bjønnes var den flottaste nissen som finns! Han måtte kome kl.1830 so då song me På låven sitter nissen, programleiaren vart noko forvirra og sa takk for i kveld, MEN då protesterte folk og ville gå rundt joletreet slik som planlagd, nokre ville ha gått endå meir. Mange var med og rydda etterpå, so det gjekk veldig greitt. Signe Mundal var kjøkkensjef.

Kontingenten er kr.50,- for å få tilskot frå Frifond. Alle medlemene må registrerast i focusnet/database via Søndagskolen Norge. Me kan også registrere dei som kjem innom ein eller nokre gonger og ikkje betaler.

I år har det kome inn noko meir enn me har bruka so no er kontoen på ca. kr 19000,-. Og då har me til komande opne arrangement slike som påskevandringa, sommaravslutning/hauststart og adventsamling.

I år har me vore i styret: Ragnhild Lamark (kasserar og ansvar for bitetid-mat), Hellen Echer (ansvar for forming) og Else Gyro Rysstad (leiar og ansvar for opplegg).

Helsing leiar Else Gyro Rysstad

Hovden, 22.feb 2018

Årsmelding 2017 for Bykle KFUK-KFUM-speidarar

Målsetting:

Speidaren er tilslutta og jobbar etter Norges KFUK-KFUM-speidarar sin føremålsparagraf:

«Norges KFUK-KFUM-speideres mål er å fremme og drive et speiderarbeid for å hjelpe barn og unge til å utvikle en kristen tro og oppdra dem til ansvarsbevissthet, selvstendighet, samfunnsmessig engasjement, mellomfolkelig forståelse og respekt for naturens verdi.»

Program og medlemer i 2017

Speidaren hadde pr. 31.12.2017 13 medlemer, av dei er 3 vandrarar, 6 roverar + assistentar og leiarar. Vi har i 2017 hatt fokus på deltaking og møte med speidarar utanfor Bykle, inkludert deltaking på konkurransar og overnattingsturar. Nevner spesielt;

Roverane og patruljeførarane i Agder krets hadde i januar **ting** (Rover og Patruljefører-ting) der dei låner Bykle kyrkje til overnatting og vi kunne delta på tinget og kveldsarrangement på laurdag og på sundag hadde dei Scouts Own i kyrkja.

Kretsårsmøte på Vigeland fredag 3.mars og der var gruppeleiaren tilstades.

Sundag før påske hadde vi samarbeid med Fjellgardane sundagsskule og samlast i Røyrvikåsen langrennsarenaen til grilling, **påskevandring**, natursti, premieutdeling og orientering.

Deltaking på **kvalifisering til NM** i speiding med patruljekonkurranse på Lillesand ungdomsskule, Lillesand 21.-23.april. Dette er eit samarbeid mellom NSF og KFUK-KFUM speidarane og det var ca 100 speidarar som deltok i orienteringsløp, lage varmluftsballong, quiz med 100 spørsmål, matkonkurranse og førstehjelp. I tillegg blei samhold og samarbeid i patruljen samt orden i teltet vurdert og poengsatt under tevlinga. Heiderleg innsats resulterte i at vi ikkje kom på seiste plass i år, men moro var det med alle dei ulike oppgåvene, treffe og bli kjent med nye speidarar frå heile Agder.



Matkonkurranse; fruktsalat



Orienteringsoppgåve



Godt å treffe gode vener i speidaren!



Varmluftsbiljongar klare til døming.



Leiarane fungerer som domarar/byggje gapahuk

Årsavslutning ved Hegni onsdag 14.juni, der vi lånte kanoar frå Hovden fjellstoge. Då var vi på kanotur til ei øy i Hartevatn der vi hadde bålkonkurranse, og sjokoladebanan og marsmellows på bål. Vi var 8 på tur, også to roverar som var heime på sommarferie.



Litt undervisning før kanopadling til øya i Hartevatn, Hovden.



Her vart Trond teken opp som vandrar.

Kretsbannerkonkurranse var på Tjøm i Lindesnes, søndag 24.september. Vi reiste laurdag 23.sept og overnatta på Svinøy og var klar til konkurranse søndag morgon. Vi i Bykle var med som arrangør saman med Mandal og hadde ansvar for å lage alle oppgåvene til vandrarane.



Kretsleiar Jarl Larsen inspiserer sekretariatet medan speidatane konkurrerer i skogen.

Joleavslutning på Heimen i Bykle, tysdag 12. desember, der vi las tekster og song nokre jolesongar saman med Bykle songlag. Før dette var det speidaradventssamling med gløgg og joleknask der vi snakka om programmet og landsleiren vår/sommar 2018.



Tre vandrarar gler seg til landsleiren på Hell.

I 2017 fokuserte vi på prosjektbasert speidararbeid der speidermøta våre vart målretta mot dei ulike arrangementa vi deltok på, NM-kvalifisering i Lillesand og kretsbannerkonkurranse i Lindesnes.

Det største prosjektet i 2018 blir landsleir på Hell ved Værnes i Trøndelag, i hop med 6000 andre speidarar frå heile Noreg den første uka i juli. Kommer til å krevje ein del ressurser av oss og så langt er vi 10 påmeldte frå Bykle.

Speidarane har også selt speidarkalendrar både i Bykle og på Hovden før jul til inntekt for speidararbeidet.

Lokale:

Dei fleste møta er ute. Oppmøteplass varierar litt ut frå aktivitet. Fjellgardane kyrkje, Hegni, Røyrvikåsen, samfunnshuset i Bykle, Bykle kyrkje, klubbhuset i lysløypa i Bykle har og vorte brukt. Dei fleste samlingane har vore på Hovden, ettersom dei fleste av borna bur her. Alt utstyret som vi eig er lagra i Bykle kyrkje som også er vårt hovudkvarter og vi er særst takksame for dei lokala som kyrkja stiller til rådighet i speidararbeidet.

Økonomi:

For 2018 vil vi fortsette på den same linja som i 2017 og kontingenten ser ut til å bli kr 570,- der brorparten går til forbundet og kretsen sentralt, mellom anna til å dekke Speiderbladet 4 gonger i året og kollektiv ulykkesforsikring for speidarane. Det er blitt sentral innkreving av medlemskontingenten frå og med 2016.

Vi har fått god og heilt avgjerande støtte frå kulturmidlar i Bykle kommune (sterkt redusera bidrag for 2016) og Valle sparebank, frifondmidlar og grasrotandel frå Norsk Tipping. Alle leiarane gjer alt speidararbeid på dugnad i motsetnad til idrettslaga som betaler sine trenarar.

Leiarar:

Speidarleiarane har fungert som leiargruppe for speidaren i 2017:

Olav Skinnarland (gruppeleiar), Else Gyro Rysstad (leiarassistent), Tor Erling Skinnarland (roverleiar).

Vi takkar Bjørg Vatnestrøm som kasserar gjennom mange år og Olaug Dahl for revidering av rekneskapen.

Bjørg Vatnestrøm, Laila Rysstad og Olav Skinnarland sit som offisielt styre for speidargruppa.

Drift og organisering:

Bykle KFUK-KFUM speidarane har dei seiste åra ikkje vore i stand til å utføre det oppdraget Bykle Sokneråd gav speidaren i 2003, då soknerådet starta opp att speidaren etter fleire års pause. Soknerådet bestemte at speidaren skulle vere ein viktig del av dåpsopplæringsplanen og eit kristent tilbod til born og ungdom i Byke sokn som neste steg etter sundagsskulen.

Speidaren var organisert gjennom soknerådet med kyrkjevevja som administrativ leiar og som heldt organisasjonen i saman, som navet i eit sykkelhjul. Kyrkjevevja stod for kontinuitet i arbeidet, sjølv om speidarane kom og gjekk og leiaranen blei bytta ut i tur og orden etter kvart som ungane deira vaks til.

Kyrkjevevja var også heilt sentral i rekrutteringsarbeidet med brev og oppslag til elevar og foreldre i rette årsklassar, og i organiseringa av leiarar og speidararbeidet med årsplanar m.m. Ein har i fleire år gjort forsøk med andre som administrative leiarar, men når dei sluttar etter kort tid er det vanskeleg med kontinuiteten og rekrutteringa. Ein har heller ikkje tilgang til dei administrative resursene som kyrkjevevja rår over i sitt daglege arbeid.

Det krevst ein del arbeid før, under og etter kvart enkelt speidarmøte eller speidartur. Dette fører til, at det å få friviljuge foreldere/leiarar til å ta på seg omfattande organisatorisk papirarbeid i tillegg, stoppar opp. Etter ei viss tid sluttar dei, då det er for mykje jobb å vere med i speidaren som vaksen og det er få som ynskjer å binde seg til noko fast.

Speidaren har difor store utfordringar med stabilitet, kontinuitet og å rekruttere og er difor i tvil om korleis ein kan klare oppdraget i forhold til trusopplæringa vidare i framtida. Utan kyrkjevevja si flittige gjerning ser det vanskeleg ut for ungdomsarbeidet. Ein ber om at soknerådet drøfter korleis eller kva rolle dei skal ha i forhold til trusopplæringa og samarbeid med speidaren i Bykle.

Hovden 22.februar 2018, Olav Skinnarland, gruppeleiar.

Foto; Olav Skinnarland og Tor Erling Skinnarland

Målsetting og organisering:

Bykle og Fjellgardane barnekor har ein kristen føremålsparagraf. Koret har sitt eige styre og eigne vedtekter/statuttar.

På årsmøtet 21.mars var vi på hemsan på Hovden grendehuse. Vi var 4 tilstades, May Lay Thein og Kari Hovden Hoslemo vart valde inn i styret. Else Gyro har vore representant frå Bykle sokneråd. Dirigent for koret har vore Bjørg-Sissel Tveiten, som er løna av Bykle kommune gjennom kulturskulen. Ho har også møtt på styremøte.

Det er øving kvar veke i SFO-tida, både i Bykle og på Hovden. I tillegg har vi halvårsplanar for arrangement og turar/samlingar. I 2017 har vi hatt følgjande på programmet i tillegg til dei faste øvingane:

Årsmelding:

Oversikt over koroppdrag 2017:

- 10. sept: Konsert i høve Fjellgardane Kyrkje sitt 60-årsjubileum:
- 31.okt: Reformasjonsgudstjeneste med konsert av barnekoret.
- 3.des: Tenning av julegrana. Bykle samfunnshus
- 6.des: konsert bygdeheimen (kun Bykle barnekor)
- 10.des: Julekonsert i Bykle Kyrkje
- 17.mai: Hovden
- 7.juni: Konsert bygdeheimen (kun Bykle barnekor)
- 14.juni: Vårkonsert Bykle (avslutningskonsert for kulturskulen)

Det er alltid litt merkeleg dette med å setje tal på medlemmer, ettersom året jo går over to ulike semester. Våren 2017 er ulik haust 2017, ettersom det er eit heilt nytt semester og nye elevar har begynt på skulen, og andre har gått over i 5.trinn, der dei fleste sluttar.

Eg vel å gå ut ifrå haustsemesteret 2017 (vår 2017 var talet på medlemmer 21).

18 medlemmar til saman:

9 medlemmer frå Hovden.

9 medlemmer frå Bykle og omegn.

Bjørg-Sissel Tveiten, dirigent i Bykle og Fjellgardane barnekor.

Foreldrekontakt: Foreldre har fått tilsendt halvårsplanar på e-post, samt brev i posten frå Bjørg-Sissel i samband med arrangement.

Økonomi: Vi har pr 31.12.2017 kr 36 392,33 på
Vi takkar Astrid K. Trydal for rekneskapsføring for koret.

Hovden 22.feb 2018

Visitaforedrag Valle og Bykle 12.februar 2017

INNLEIING

Kjære kyrkjelydar!

Nåde vere med dykk, og fred frå Gud vår Far og Herren Jesus Kristus.

Siste visitas i Bykle-, Valle og Hylestad sokn var i 2006. Same året blei Hylestad og Valle sokn slått saman. Mykje har hendt i samfunnet sida den gang. Og mykje har hendt i kyrkja. På nasjonalt plan er kyrkja skild frå staten. Den norske kyrkja står no fram som ei sjølvstendig folkekyrkje. I dei seinaste åra har me gjennomført store reformer som gudstenestereforma og trusopplæringsreforma. Begge har vore krevjande for kyrkjelydane. Men eg har òg sett, høyrte og blitt inspirert når de fortel kva det til dømes har ført til på ungdomssektoren her hos dykk. Vidare er buplikta for prestar oppheva. Eg veit òg at kyrkjelydane her har merkt den uroa som kyrkjemøtet sitt vedtak om liturgi for likekjønna vigsel har ført med seg. Så det har skjedd mykje på få år.

Eg har gledd meg til å vere saman med dykk. For ein visitas opnar for ein djupare kjennskap til kyrkjelyd og samfunn. Takk for at de har lukka meg inn i dykkar utfordringar og moglegheiter. Kyrkja vår har òg fått nytt visitasreglement. Den viktigaste endringa er å streke under at visitasen er ein synlig del av det tilsynet eg utøver overfor den lokale kyrkja. Det har vore viktige dagar saman med dykk. Eg ber om at visitasen må bli til inspirasjon i arbeidet vidare.

FØREBUING

Ein visitas er meir enn at biskopen besøker kyrkjelyden ei lita veke. I forkant av visitasen leverer soknepresten, samen med kyrkjevevjer og råd, ei visitasmelding. Det er ein omtale og ei vurdering av kva som har skjedd sidan sist visitas, og av situasjonen i dag. Eg oppmodar kyrkjelyden til å lese denne meldinga. Det er eit offentleg dokument. I tillegg er det eit informativt og velskreve dokument som de har all grunn til å vere stolte av. Eg har sett korleis de har brukt meldinga aktivt i møte med kyrkjelyden og det offentlege under visitasen.

Vidare har rådgjevarane ved bispedømekontoret, Geir Myre og Dag Arnulf Kvarstein, samen med kyrkjevevjerene, vore innom alle kyrkjene og kyrkjegardane og levert synfaringsrapport, «Synfaringsrapport frå kyrkjene i Valle og Bykle».

Prost Gunnar Ellingsen har hatt kontorvisitas og levert rapport til biskopen. Prost Gunnar er prosjektleiar for visitasen.

Frå bispedømekontoret har kyrkjefagsjef Arve Nilsen vore med. Han vil støtte prosten når han følgjer opp visitasen.

GJENNOMFØRING MØTE MED KYRKJESTABEN

Eg forsøker alltid å starte ein visitas med å møte dei tilsette. Slik òg denne gang. På onsdag møtte eg staben i Valle og Hylestad. Det er viktig for meg å understreke kor viktige alle dei tilsette medarbeidarane i kyrkjelyden er. Dei er ein ressurs saman med råd og frivillige, som vi ikkje må gløyme. Tvert imot, vi skal ta dei med i våre bønner og støtte dei i deira arbeid. Soknepresten og kyrkjevevjerja ønskte velkomen før prosten gjekk gjennom visitasen post for post.

I tillegg til å møte staben samla, har eg i løpet av visitasen samtaler med den enkelte. Dei som er vigsla, slik som prest og diakon, må ha ein samtale med meg. Andre tilsette og friviljuge får ein moglegheit.

Vi kan dele ein visitas i to, - to områder som er heilt knytt samen i kvarandre.

Den første delen handlar om den lokale kyrkjelyden og kyrkjelyden sitt arbeid drive av tilsette, råd og andre friviljuge.

Den andre delen handlar om kyrkja og samfunnet. Det handlar blant anna om forholdet mellom «Kyrkja og skulen» og mellom «Kyrkja og kommunen».

DEN LOKALE KYRKJELYD.

Eg startar med den lokale kyrkjelyden. Eg har møtt begge sokneråda, vore på sjukeheimen, innom alle kyrkjene, fått presentert kyrkjelyden sitt arbeid innanfor trusopplæring, og blitt orientert om prosessen som er satt i gang i staben.

SOKNERÅDET

Eg starter med sokneråda. Dei er viktige for kyrkja. Derfor er det viktig for meg å møte dykk. Det er sokneråda som legg planar og strategi for kyrkjelyden.

Eg hørde spent på når de orienterte om arbeidet rundt trusopplæring, prosessen som er sett i gang om samarbeid og organisering mellom stab og råd, diakoni, gudstenester, musikk og kultur. De har mange oppgåver. Eg ser at de jobbar godt.

Samstundes vil eg seie til dykk som ikkje sit i soknerådet: Ver takknemlege for dei som har teke på seg den oppgåva. Ta dei med i dykkar bønner. Støtt dei. Tal vel om dei. Ikkje tenk om råda at det er ”dei i rådet”, men sei til dykk sjølv og til andre, me i kyrkja er så heldige at me har råd som vil vekkje og nære det kristne livet i våre kyrkjelydar. Me vil stå saman med dykk.

DIAKONI

De er blant dei heldige som har del i den diakonale kompetansen og innsatsen som prostidiakonen representerer. Eg veit at det i dalen blir arbeidd for å auke hennar stilling til 100%. Eg håpar de er med på det.

Diakoni er mykje. Det er at vi gjennom kyrkja rekk ut armene våre til kvarandre. Særleg til dei som heile tida, eller i situasjonar, treng ei hand å halde i. Jesus seier direkte; «Det de gjer mot ein av mine minste små, gjer de mot meg».

Eg møtte det diakonale arbeidet dykkar blant anna gjennom andakten på Valle sjukeheim. Når menneske ikkje kan kome til kyrkja, må kyrkja gå til dei. Leiar for pleie og omsorg, Solveig Kyrvestad, tok i mot og ønskte oss velkomen før sokneprest og organist tok over. Andakten som eg hadde, skal de sleppe å høyre ein gong til.

Eg definerer også middagen på den internasjonale kafeen i Valle som diakoni. Det å ta seg av framande har, heilt frå gammaltestamentleg tid, vore ein naturleg del der samfunnet bygger på Guds bod og føreskrifter. Denne gongen var det vel meir at våre nye landsmenn tok seg av oss. Vi både såg og smakte den rikdom våre nye landsmenn gjev.

TRUSOPPLÆRING

Skulen er ikkje ansvarleg for trusopplæring i kyrkja vår. Skulen skal formidle kunnskap om kristendommen. Opplæring til tru er det enkelte kyrkjesamfunn sitt ansvar.

Eg har særlig merkt meg arbeidet blant dei unge. Kyrkja vår har ei stor utfordring når det gjeld arbeid frå konfirmasjon og oppover. Saman med Martin Wikstøl, ungdomsleiaren dykkar, byggjer de kyrkjelyd i den aldersgruppa òg. Eg hørde om skulelag, om KRIK, fotballtrening og kveldar for ungdom, eller kanskje eg skal seie «Pizza – Halleluja!» I følge plan for trusopplæring, har alle våre døypte rett til undervisning i og til den kristne trua. Tradisjonelt har det i hovudsak vore knytt til konfirmasjonen. Eg har òg møtt

konfirmantane frå Bykle, Valle og Hylestad i Valle kyrkje. Dei utfordra meg til ein samtale om liv, om tru og om tvil. Det var ein reflektert gjeng med konfirmantar eg møtte. Trusopplæring er eit felles ansvar mellom foreldre, fadrar og kyrkjelyd. I dag er det ein av kyrkja sine store utfordringar. Lykke til vidare!

KYRKJENE

Eg har vore innom Hylestad-, Valle-, Fjellgardane- og Bykle gamle kyrkje. I dag feirar vi messe her i Bykle nye kyrkje. Kyrkjene dykkar er som vakre smykke. Eg ser at kyrkjevevjer og kommunar tek godt vare på dei, og held desse smykka i god stand.

Kyrkjene er viktige kulturskattar. Men først og framst er dei kyrkjelyden sitt gudshus. Huset der menneskjer kan møte Gud og kvarandre både i glede og sorg.

Visitasmeldinga seier at for Valle kyrkje er det sett ned eit utval for å gjere Valle kyrkje meir egna til fleirbruk. Eg ser at kyrkja treng rom i tillegg til kyrkjerommet. Me treng rom til foreiningar og lag, undervisning og andre samlingar. Difor vil eg spent følgje med i samarbeidet med kommunen om forsamlingslokale knytt til det nye biblioteket og om kva løysingar de finn knytt til sjølve kyrkja.

GUDSTENESTELIVET

Ein levande kyrkjelyd vil alltid arbeide med sine gudstenester. De har etterlyst fleire gudstenester. Det sett eg stor pris på. Det tyder at de er ein kyrkjelyd som vil Guds rike blant dykk. Dei siste årane har de auka kyrkja sitt nærvær på Hovden i påska gjennom gudstenester i det fri og i Fjellgardane kyrkje. Like eins har kyrkja vore open med kaffi og vaflar. Me har drøfta klokkeslett for gudstenesta, om kor mange gudstenester det skal vere, og innhald i gudstenesta. Me har snakka om kor vanskelig det er å venne seg til tanken om at gudstenesta i nabokyrkja er min gudsteneste òg.

TILSETTE

Eg har som sagt samtale med dei tilsette. Dei er ein viktig ressurs. Eg har lyst å seie, at desse dagane saman med dykk gjer at eg ser framover med frimod, og eg er trygg på at kyrkja kan gå framtida i møte med håp.

KYRKJA OG SAMFUNNET Eg starter med **KYRKJA OG KOMMUNEN**

Som vanleg i ein visitas var det lagt inn møte med kommunen. På onsdag åt eg lunsj saman med leiinga i Valle kommune. Eg møtte ordførar Steinar Kyrvestad, varaordførar Knut Hagen, rådmann Eivind Berg, leiar for pleie og omsorg Solveig Kyrvestad og økonomisjef Wenche Gundersen. Frå kyrkja møtte kyrkjevevjer, sokneprest, prostidiakon, kyrkjetenar, leiar av soknerådet, prost og oss frå bispedømekontoret.

Ordførar ønskte velkomen og strekte under kyrkja sitt ansvar som samfunnsbyggjar og formidlar av kultur. Samstundes gav han meg eit glimt inn i Valle kommune sine utfordringar og moglegheiter.

Eg har sett at kommunen og kyrkja har gode relasjonar. Men eg er samd med visitasmeldinga som etterlyser regelmessige møte mellom kommune og fellestråd.

Elles var me innom mangel på rom for undervisning og andre møte, i tillegg til sjølve kyrkja. Me snakka om forholdet kyrkje/kommune etter at kyrkja har fått ei fri stilling i forhold til staten. Me snakka saman om diakonien si viktige oppgåve i samfunnet i dag.

På torsdag møtte eg leiinga i Bykle kommune. Eg møtte ordførar John Rolf Næss, rådmann Tallak Hoslemo, leiar for pleie og omsorg, Vidar Johnsen, leiar for kulturformidling, Helga

Jacobsen, rektor Askild Johnsen, tenesteleiar Rønnaug Torvik og leiar for barnehagane, Kristin Hoslemo. Frå kyrkja møtte kyrkjevevja, sokneprest, prostidiakon, ungdomsleiar, kyrkjetener, leiar av soknerådet, prost og oss frå bispekontoret.

Ordføraren tok i mot oss og gav ein kort presentasjon av kommunen. Han oppmoda til samarbeid. I eit samfunn der det ser ut til at avstanden mellom menneske stadig aukar, blir kyrkja si rolle berre viktigare.

Denne flotte kyrkja (Bykle nye kyrkje) er eit godt teikn på samarbeid, og at kommunen tek ansvar. Møtet med den kommunale leiinga viste at òg her kan eg stadfeste dei gode relasjonane.

Eg vil gjerne streke under noko av det som kom fram i samtalen med kommunen. Det er viktig at kyrkja ikkje blir gløymd som samarbeidspartnar. Sjølv om banda til staten er endra, er kyrkja framleis ei kommunekyrkje. Me snakka om diakoni og om prostidiakonen si stilling. Me snakka om plan for samarbeidet kyrkje/skule og barnehage. Me snakka om rett til eiga utøving av tru for dei som bur i institusjon.

Me var innom mykje. Eg spør ut frå statistikken og av erfaring frå andre vintersportstader: ”Har de funne dei beste dagane og klokkesletta for messa og andre arrangement?” Det var eit spørsmål som òg kom opp då eg møtte representantar for kommune og turistnæringa i dalen.

I møte med kommunen blir det ofte ein del snakk om økonomi. Ingen kommunar, sjølv ikkje kraftkommunar, har overflod med pengar. Det store temaet var likevel korleis kyrkja og kommunen saman kan vere til beste for lokalsamfunnet. Samtalen viste at det er eit felles mål å vere til stades slik at både Valle og Bykle fortsatt kan vere gode kommunar å bu i og å vokse opp i. Det blei i begge kommunane orientert om det arbeidet dei to sokneråda har sett i gang for å sjå om det er fordelar å hente i eit organisatorisk tettare samarbeid mellom dei to råda.

Er ein på visitas i Valle og Bykle, kjem ein ikkje utanom KYRKJA OG TURISTANE. På torsdag var det òg eit møte på Hovden Fjellstoge der eg møtte både den lokale kyrkja, kommunen og representantar for turistnæringa. Eg trur det er store moglegheiter til å finne gode løysningar til beste for alle partar. Eg opplevde stor og positiv vilje til samarbeid. Lykke til!

Som neste punkt under kyrkja og samfunnet har eg sett opp KYRKJA OG SKULEN.

KYRKJA OG SKULEN

Allereie i visitasmeldinga såg eg det gode forholdet mellom kyrkja og skule/barnehage. Eg har under visitasen møtt barn og tilsette ved Valle barnehage. Der viste eg blant anna denne flotte bispeåpa.

Likeeins møtte eg elevar og tilsette ved sylvsmedlinja ved Valle vidaregåande. Det blei eit spanande møte. Eg lærte mykje om sylvsmedfaget, og ikkje minst om handel med gull, edelsteinar og andre kostbare metall. Eg hadde ikkje høyrd om ”fair trade” gull eller økologisk gull. Det var spanande å få eit innblikk i etikkundervisning retta mot sylvsmedfaget. Så vonar eg at nokre av dei eg møtte, ein gong får i oppdrag å lage kyrkjesyly.

På Bykle skule møtte eg elevar i 10. klasse til samtale og spørsmål. Her er nokre av spørsmåla eg fekk: Kva er ein visitas? Kva betyr det at du har ei vigsla stilling? Når bestemte du deg for å bli prest? Kva er sjelesorg? Kva er det beste med å vere biskop? Kva er eit embete? Kva betyr det at staten ikkje lenger eig kyrkja? Kva skjer på eit kyrkjemøte? Kva synast du om likekjønna vigsel? Korleis stiller du deg til evolusjonsteorien? Korleis kan Gud tillate det vonde i verda?

Seinare på dagen møtte eg tilsette ved Bykle skule. Tenesteleiar Rønnaug Torvik tok imot og innleia til samtale. Me snakka om dei moglegheitene og dei hinder me har i dag i samarbeidet. Slik eg ser det, er moglegheitene fleire enn hindringane. Det handlar om at både kyrkja og skulen veit kva ein kan, og kva ein ikkje kan, og respekterer det.

Eg ser at det er gode tradisjonar for samarbeidet skule/kyrkje. Men den lokale planen for samarbeidet er gamal. Den treng revisjon.

Så må eg tilbake til siste programpost på onsdagskvelden. KULTURKVELD i Storstoga i Valle.

Det var eit møte med lokal kultur og rikdom som eg ikkje har møtt tidligare som biskop, trur eg. Alle desse stilte opp gratis: Bjørgulv Sverdrup Lund, Kjetil C. Jore, Martin Wikstøl, Hallvard T. Bjørgum, Gunnar Stubseid, Øystein Kikut, Bjarne Tveiten, Sigurd Brokke, Eivind Tanche-Larsen Knutsen, Kirsten Bråten Berg, Sigrid K Jore, Henrik West, Else Gyro Rysstad og frå Kirkens Nødhjelp Roald Guttormsen. Tusen takk. De som ikkje var der, gjekk glipp av noko stort!

OPPSUMMERING OG UTFORDRINGAR.

Ein visitas er ikkje over når eg dreg. Det er på ein måte no det startar. Håpet er at våre dagar saman kan støtte dei gode prosessane som alt er i gang, og kanskje sette i gang nye.

Når eg ser på desse dagane saman med dykk, vil eg gje dykk følgjande utfordringar:

1. **Gudstenesta.** Jobb vidare med messa, både med innhald, kvar, kor mange og når. Det siste særleg i forhold til påske og turistar. Eg oppmodar dykk til å tenke at messa i nabokyrkja er di messe, like mykje som messa i eiga kyrkje.
2. **Trusopplæring.** Kyrkja sitt ansvar for overlevering av kristen kunnskap i Bykle-, Valle og Hylestad sokn, er avhengig av at heim, tilsette, sokneråd og frivilljuge utviklar møtestader der barn og unge får næring til tru og livsmestring. De er i gang. Ta vare på det ungdomsarbeidet som er i ferd med å vokse fram.
3. **Diakoni.** De har prostidiakon i 70 % som leiar det diakonale arbeidet i prostiet. Stå saman med henne. Kjemp for at stillinga blir auka til 100%. Mennesa i Otredal prosti fortener det!
4. **Organisering og planarbeid.** Eit godt arbeid i soknet må leiast. Fortsett prosessen om tettare organisatorisk samarbeid som dei to sokneråda har sett i gang. Husk; Målet er å bygge fellesskap!
5. **Til Valle og Hylestad.** Følg opp samarbeidet med kommunen om nye kontor og møterom i det nye biblioteket.
6. **Kyrkja og kommunen.** Samstundes som eg stadfestar dei allereie gode relasjonane mellom kyrkja og kommunane, er det viktig å ha faste møtepunkt mellom kyrkjeverje og rådmann.
Det er fint å sjå kor godt kyrkjer og kyrkjegarder er tekne vare på. Eg ber begge kommunane sjå etter moglegheiter når søknaden kjem om å auke prostidiakonen si stilling.

7. **Kyrkja og skulen.** Samarbeidet mellom kyrkja og skulen har lange og gode tradisjonar her. Møtet med skulen og barnehagen viste at dei gamle planane for samarbeidet treng revisjon. Ikkje gløym det, sjølv om soknepresten sluttar.
8. **Kyrkja og lokalsamfunnet elles.** Eg har møtt eit kulturliv utan sidestykke. For meg ser det ut som om kyrkja er ein naturleg samarbeidspartnar for det lokale kulturlivet. Ta vare på det, og sørg for at det utviklast stadig meir.

AVSLUTNING

Eg dreg frå visitasen i Valle og Hylestad og Bykle fylt med takk, og eg helsar dykk med Paulus sine ord til kyrkjelyden i Tessaloniki: *Vi takkar alltid Gud for dykk alle når vi nemner dykk i bønene våre. For vår Gud og Fars andlet hugsar vi stadig korleis trua dykkar viser seg i gjerning, kjærleiken i arbeid og vona til vår Herre Jesus Kristus i tolmod.*(1.Tess.1.2-3)

Agder og Telemark bispestol 12.februar 2017
Stein Reinertsen, biskop

I Luthers fotspor

- soknereise til Sachsen og Thüringen 2017

Fra Bykle og Valle : 7 dager : 20. - 26. mai 2017

I anledning av 500-årsjubileet for den lutherske reformasjonen i oktober 2017 arrangerer kyrkja i Valle og Bykle en soknereise til Sachsen og Thüringen. Reformasjonen på 1500-tallet fikk avgjørende betydning for både kirkens og samfunnets videre utvikling i Vest-Europa. På denne turen vil vi besøke en rekke av de sentrale steder i livet til Martin Luther for å bli klokere på denne historien og noen av dens konsekvenser for kirke, samfunn, politikk, kultur, arkitektur, musikk o.s.v. Henrik West, som er organist i Valle og Bykle og utdannet teolog, vil være reiseleder på turen som er åpen for alle.

I «Lutherstadt Wittenberg» skal vi ut på en byvandring der vi skal besøke Slottskirken, bykirken og ikke minst museet i Lutherhaus, klosteret som senere ble Luthers private bolig.

Herfra tar vi en utfukt til byen Torgau, som var det politiske sentrum for reformasjonen, og som i dag fremstår som en av Tysklands vakreste renessansebyer. Slottskirken ble innviet av Martin Luther i 1544 som det første protestantiske kirkebygg.

Et annet stopp på reisen er den vakre, lille byen Eisleben. Der skal vi besøke huset hvor Luther ble født i 1483, huset som han døde i 1546 - og klosteret der han var munk fra 1505 til 1511.

I Thüringen skal vi besøke Erfurt, en av de best bevarte middelalderbyer i Tyskland. På Domberg troner 2 store kirker skulder ved skulder på toppen av en bakke midt i byen. Luther studerte ved universitet i denne byen fra 1501 og frem til 1505, da han besluttet å bli munk etter å ha



opplevd et voldsomt uvær. Så voldsomt at han fryktet for sitt eget liv. Han ble munk i byens augustinerkloster, som vi også besøker.

En utfukt bringer oss sørover gjennom idylliske Thüringer Wald til Schmalkalden, som er berømt for sine mange bindingsverkshus. Her skrev Luther «De schmalkaldiske artikler», et viktig bekjenneesskrift fra reformasjonstiden, som i 1531 dannet grunnlag for en viktig politisk allianse mellom lutherske fyrster; nemlig det «Det schmalkaldiske forbund».

I Eisenach gikk Luther og Bach på samme gymnasium - her skal vi besøke Georgskirken, der Luther var korgutt og Bach ble døpt. Vi skal selvfølgelig også besøke byens berømte middelalderborg, Wartburg, der Luther høsten 1521 oversatte Det nye Testamente til tysk - mens han oppholdt seg på borgen under dekknavnet Junker Jörg. Her blir det også mulighet for å besøke det interessante Bach-museet i byen, eller gå en tur i «Drachtenschlucht» i skogen nedenfor borgen.

Hjemover må vi etter interessante dager. Vi gjør et opphold i Haderslev, der reformasjonen ble innført av hertug Christian (som senere ble Kong Christian den 3.) så tidlig som i 1526, ti år før resten av Danmark og Norge. Vi skal besøke byens gotiske domkirke og høre litt om den spennende historien!

Underveis på turen vil det primært være turlederen som forteller om historien, personene, bygninger m.v. Dette vil bli formidlet på en enkel og lettfattelig måte, så alle kan delta på turen og få et godt utbytte.

Velkommen til en spennende og lærerik reise!

Påmelding & nærmere info :

Henrik West,

☎ 477 17 249

organist@bykle.kyrkja.no

Teknisk arrangør : Risdal Touring AS



Schalkalden



Wartburg

Dag 1, lørdag 20. mai 2017 : Bykle / Valle - Kristiansand - Hirtshals - Wittenberg, ca 850 km fra Hirtshals: Vi starter ut tidlig om morgenen fra Bykle og Valle, for å kjøre sørover Setesdal og frem til Kristiansand. Mulighet for påstigning etter avtale underveis. Kl 08.00 reiser vi med M5 Superspeed I til Hirtshals. Om bord har vi inkludert deilig, felles frokostbuffet i buffetresterauranten med det velklingende navnet «Catch Me If You Can»... Vi har våre plasser her helt frem til ankomst Hirtshals kl 11.15 og vi tar umiddelbart

etter fatt på kjøreturen sørover gjennom Jylland. Underveis stopper vi selvsagt med jevne og behagelige mellomrom. Vi krysser den dansk/tyske grensen, vi kjører gjennom delstaten Schleswig-Holstein og passerer storbyen Hamburg. Innimellom blir det tid og mulighet for avslapning i den behagelige turbussen, mens det også blir interessant informasjon og opplysning underveis. Etter hvert, og utpå kvelden, sjekker vi inn for middag og overnatting 2 netter på vårt hotell i Wittenberg.

Dag 2, søndag 21. mai 2017: I Wittenberg: Etter god frokostbuffet på hotellet er det klart for å oppleve Wittenberg og den delen av reformasjonshistorien som knytter seg til denne byen. Turleder Henrik West har gode kunnskaper om disse stedene, og historien - og vil på en lettfattelig og interessant måte formidle hva vi ser og sette dette inn i historiens forløp. Om kvelden felles middag på hotellet.

Dag 3, mandag 22. mai 2017: Wittenberg - Erfurt, ca 200 km: Frokost på hotellet - avreise for å kjøre videre til Erfurt hvor vi skal bo 3 netter. Første stopp denne dagen blir likevel Lutherstadt Eisleben hvor Martin Luther ble født i 1483 og hvor han døde i 1546. I byens kloster var han munk fra 1505 til 1511. På veien videre til Erfurt kjører vi, om tiden tillater det, innom Europa-Rosarium som har verdens største samling av roser. I behagelig tid til kvelds denne dagen, sjekker vi inn for middag og overnatting på vårt hotell.

Dag 4 - 5, tirsdag 23. - onsdag 24. mai 2017: I Erfurt, utflukter: Frokost og middag på hotellet hver dag, og om det ellers passer - forsøker vi en av kvelden å variere litt slik at vi spiser en middag på en av byens restauranter. Erfurt er en flott by - også om vi holder Martin Luther og reformasjonen -utenfor! På Domberg kneiser 2 store kirker over byen - og vi har lagt inn et besøk her. Luther studerte på byens universitet fra 1501 og fram til 1505 da han besluttet å bli munk etter å ha opplevd et voldsomt uvær; så voldsomt at

han fryktet for livet sitt! Han ble opptatt som munk i byens augustinerkloster som vi også skal besøke. Som allerede nevnt i innledningen på forsiden av dette turprogram, skal vi besøke Schalkalden etter å ha kjørt gjennom Thüringer Wald.

Eisenach står også på programmet. Luther og Bach gikk her på samme gymnasium. Her skal vi besøke Georgskirken, der Luther var korgutt og Bach ble døpt. Vi skal selvfølgelig også besøke den berømte middelalderborgen Wartburg, der Luther hasten 1521 oversatte Det nye Testamente til tysk, mens han oppholdt seg på borgen under dekknavnet Junker Jörg. Det blir også mulig å besøke det interessante Bach-museet i byen eller gå en tur i «Drachtenschlucht» i skogen nedenfor borgen.

Dag 6, torsdag 25. mai 2017 : Erfurt - Haderslev, ca 600 km: Vi tar farvel med Erfurt etter frokost på hotellet - og vi kjører nordover mens vi forlater det som var det tidligere Øst-Tyskland. Ferden bringer oss forbi storbyen Hannover, over Lüneburger Heide og frem til Schleswig-Holstein igjen. Et lite stopp for litt grensehandel blir det også, om interesse for det og om tiden tillater det. I kveldingen sjekker vi inn for middag og overnatting i Haderslev, hvor vi også skal se nærmere på byens gotiske domkirke.

Dag 7, fredag 26. mai 2017 : Haderslev - Hirtshals - Kristiansand - Valle / Bykle, ca 300 km frem til Hirtshals: Tidlig frokost på hotellet og avreise fra Haderslev. Vi kjører ut på motorvei E45, fortsetter nordover forbi Kolding, Vejle og Aarhus. Etter hvert kommer vi nord for Aalborg, inn i Vendsyssel og fra den nordjyske fiskerlandsbyen, og ferjehavn, Hirtshals - reiser vi kl. 12.15 med M5 Superspeed I til Kristiansand. Tiden om bord er til fri disposisjon. Allerede kl. 15.30 klapper skipet til kai i Kristiansand og straks etter ilandstigning og tolklarering fortsetter vi nordover Setesdal, forbi Evje og Bygland - frem til Valle og Bykle hvor turen avsluttes.

TURPRIS

7 dager
kr 6.970,-

basert på 40 turdeltakere
Avreisedato: Lørdag 20. mai 2017 -
retur fredag 26. mai

Turprisen inkluderer:

- reise i moderne helturistbuss kjørt av dyktig sjåfør
- velorientert reiseleder, Henrik West - med på hele turen
- ferjeoverfarter Kristiansand - Hirtshals t/r med M5 Superspeed I
- frokostbuffet om bord på ferjeoverfarten fra Kristiansand
- totalt 6 hotellovernattinger i delt dobbeltrom m/ dusj/WC på 3-4 stjerners hoteller underveis
- inngangsbilletter til utvalgte museer m.v. som er aktuelle å besøke
- 6 frokoster på hotellene
- 6 middager på hotellene
- veivgifter og bompenger

Tillegg for enkeltrom kr 1.575,- pr person, totalt for alle 6 nettene.

Forbehold om endringer som følge av forhold utenfor vår kontroll!

Påmelding til Henrik West :

☎ 477 17 249

organist@bykle.kyrkja.no

I Luthers fotspor, 20.-26. mai 2017.

Ei soknereise for Valle og Bykle, lagd opp og leidd av organisten vår, Henrik West. Henrik hadde samla mykje stoff om Luther, og han presenterte det på ein sers god måte på heile turen. No var det Luther-jubileum, det var 500 år sidan Martin Luther slo opp dei 95 tesene mot paven på kyrkjedøra i Wittenberg.

Laurdag morgon reiste vi med Risdal Touring-bussen frå Valle og til Kristiansand for å ta ferja til Hirtshals. Etter 4 timar i roleg sjø var vi i Danmark og køyrde beinveges til Wittenberg i Tyskland.

I Wittenberg besøkte vi Lutherhaus, museet over Martin Luther, og Stadtkirche og Schlosskirche. Neste dag besøkte vi Torgau. Der såg vi på slottskyrkja som låg ved Elben. Turen gjekk vidare til Eisleben, der var Luther fødd i 1483. (Han levde til 1546). Erfurt var den neste byen vi besøkte. Det var ein eldgamal og vakker by.

I Eisenach besøkte vi m.a. Bach-museet. Luther var i Eisenach i 10 månader i 1521 etter domen i Worms. Han vart bortført av vener til Wartburg, der han arbeidde med omsetjinga av Bibelen til tysk.

Heimvegen gjekk via den danske byen Haderslev. Vi vandra ein tur om kvelden, og vi var innom kyrkja i byen, ei gotisk domkyrkje.

Turen til Tyskland var rik på opplevingar. Henrik var ein kunnskapsrik, koseleg og flink reiseleiar. Takk for ein triveleg tur.

Lisbeth og Knut


REFORMASJON 500 år

Arrangement i Bykle og Valle 1517-2017

Onsdag 22. mars kl. 19.30 i Spelestoga i Valle

Songkveld med forfatter og musiker Tore Thomassen om reformatoren Martin Luthers liv og salmar

Arr. saman med Valle Folkeakademi, Valle Bygdekvinnelag og Valle Pensjonistforening.



Måndag 24. april kl. 18.30 i Bykle samfunnshus

Framsyning av Luther-filmen (ca. 2 timer)

**Torsdag 21. september kl. 19.30
i Bykle kyrkje, møtesalen**

Foredrag med prof. Anders Aschim
frå Høgskulen i Volda om
"Det lutherske i det nasjonale"



Tysdag 10. oktober kl. 19.30 i Kommunestyresalen i Valle

Foredrag med Kjetil Glimsdal, ordfører i Grimstad,
om "Luther og politikk"

Arr. saman med Valle kommune og Valle Folkeakademi.

Tysdag 31. oktober kl. 19.00 i Bykle kyrkje

Felles festgudstjeneste på reformasjonsdagen
med song og musikk, mat og foredrag



DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad

*Alle er hjarteleg velkomne!
Alle arrangementa er gratis.*